

# MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

Org. nr. 974371855

Fotlandsvegen 39

5282 LONEVÅG

Tlf. 56193140

11.10.2023

## OSTERØY KOMMUNE

BYGGESEN

5282 LONEVÅG

## UTGREIING OM SØKNAD OM TILTAK – STIKKLEIDNINGAR STEINANESVEGEN

Vedlagt er «Søknad om tillatelse til tiltak» for stikkleidningar ved Steinanesvegen.

### Bakgrunn,

Eigarane av gnr. 110 bnr. 13, 21 og 98 har oppretta Nordstølen Vass og avløpslag SA og det er søkt og godkjent nytt va-anlegg tilkopla kommunalt anlegg. Me held no på med ferdigstilling av va-anlegget og alle eigarane vil no kopla seg til det nye va-anlegget med vatn og avlaua.

### Plan for tiltaket

Situasjonsplanen, vedlegg D1 viser kva som er planlagt for tilkoplingane. Grøfter er planlagt med isoleringsplater då det er vanskeleg å få overdekking på 1.20 m.

#### 110/98

I samband med etablering av fellesanlegget er no 10/98 tilkopla det nye anlegget. Her vart det graving heilt inntil det nye anlegget og det var mest hensiktsmessig å kople det til.

#### 110/21

Det er litt endring i forhold til søknad om tiltak for fellesanlegget. Tilkoplingsstad er endra og dermed ny trasé. For det gamle anlegget er planen er å plugge gammal vassleidning i hovudleidningen og fjerne slamavskiljar.

#### 110/13

Avlaupet vert kopla til S1. Det vert lagt ny vassleidning frå ny kum V2 mot eksisterande vassleidning ved vegen. Her vert ny leidning kopla til den eksisterande som går under vegen. Eksisterande tilkoppling til fellesleidning vert plugga.

### Dispensasjon.


Det er gitt generell dispensasjon frå Arealdelen til kommuneplanen, vedlegg B1-B2.

### Nabovarsel

Eigar av gnr. 110 bnr. 2 er nabovarsla. Me ser det som ikkje nødvendig å varsle andre, jfr. pbl. § 21-3 andre ledd. VA-leidningane vert nedgrave. Involverte naboar har gitt løyve til tiltaket, vedlegg Q1-3.

Det er gitt løyve til tilkopling av vatn og avlaup på kommunalt anlegg for 110/13 og 21, vedlegg I1- I2. I vedtaket til 110/98 manglar det godkjent tilkopling for vatn, sjølv om det er søkt om dette, vedlegg I3. Me har etterspurt nytt vedtak frå VA-avdelinga.

Med venleg helsing  
MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

  
Tore Stokke